

NATUR OG KULTUR

## Ein park for alle!

### I FYRESDAL

**SENTRUM**, omkransa av vatn, finn du Hamaren Aktivitetspark. Og aktivitet er stikkordet! Denne parken gjer friluftsliv og sosiale møtestadar tilgjengeleg for alle. Turvegen er universelt utforma og passar for gåande, syklande, barnevogner og rullestol. Undervegs finn du insekthotell, utekjøkken, grillhytte, gapahuk og kvilebenkar – for å nemne noko.

Midt i hjartet av Hamaren ligg ei flott sykkelloype med 11 hinder i tre. Løypa er retningsstyrta, du syklar opp ein veg og ned ein annan. Høgdepunktet i aktivitetsparken er den spektakulære gangbanen utanpå det bratte fjellet!

Her kan du gå medan du svevar over Fyresvatn: det er ei opplevelse i særklass!

### KVA KAN DU SJÅ PÅ TUREN?

**UNDERVEGS** kan du nyte nista eller lage din eigen mat i grillhytta eller i utekjøkkenet.

Foto: Lillian Borgen



Foto: Lillian Borgen

NATUR OG KULTUR

## Klokkarhamaren, utsiktspunkt

### N



Foto: Monica Sølyst

**TURVEGEN OMKRANSAR** ein flott furuskog og ein spanande berghammer som kallast Klokkarhamaren. Namnet skriv seg frå at fjellet ligg attr med Klokkgarden som du og passerar undervegs på turen. Frå toppen har du fantastisk utsyn over Fyresvatn. Bak skogkleddé åsar og spreidde gardsbruk ser du fjell og hei i horisonten. Her kan du slappe av ved bållassen eller i gapahuken og berre nyte panoramaet! I parken kan du og lære om lokalt dyre- og planteliv, treslag, historie og eventyr. Dette vert formidla gjennom flotte naturstiskilt laga av lokale skuleborn. Du finn skilta på stader som passer til tema. Tek du ein kikk på kartet, kan du sjå kor dei ulike skilta er plassert.

[www.vandretelemark.no](http://www.vandretelemark.no)



[www.fyresdal.no](http://www.fyresdal.no)



Ansvarleg utgjevar er VTNU AS og Fyresdal kommune med støtte frå



**TREBRU** konstruert som tømmerrenne til minne om flytningstida i Fyresdal.

Foto: Tone Susanne Kvæsjord



**I PARKEN** kan du lære meir om lokalt dyre- og planteliv, treslag, historie og eventyr gjennom flotte naturstiskilt.

Foto: Monica Sølyst



UNIVERSELT TILRETTELAGT FAMILIETUR

RUNDLØYPE 2,4 KM – 1 TIME

55 METER STIGNING ➔



## Fyresdal – Telemark

TURMÅL **Hamaren**  
TEMA **Aktivitetspark**



Foto: Monica Sølyst

**AKTIVITETSPARK** for alle, fart og moro for både unge og eldre.

Foto t.v.: Almantas Girdauskas/ Foto t.h. Monica Sølyst



# Om turen

## DETTE ER EIN UNIVERSELT UTFORMA TURSTI

som passar for alle brukargrupper. Turvegen startar ved Kafé Teisner og Fyresdal Næringshage, nedom kyrkja i Fyresdal sentrum. Vegen gjeng langs vatnet, forbi Munkhola, før ein kjem inn på ei trebru konstruert som ei tømmerrenne til minne om flytningstida i Fyresdal. Vegen går vidare på ei spektakulær gangbru, før den igjen går over i ei tømmerrenne i retning utekjøkkenet og grillhytta.

Når du kjem til utekjøkkenet kan du velje om du vil ta ein tur til toppen av Hamaren. Om du fortsett rett fram kjem du til ein flott platting i vasskanten og til grillhytta lengst nord i Hamaren. Tilbake fylgjer du ein asfaltert veg forbi Gimle skule og barnehagen. Fortsett inn på grusvegen forbi Klokkgarden og tilbake til Kafé Teisner.

Langs vegen finn du bord og benkar tilrettelagt for ein hyggeleg rast. Bålplassen på toppen av Klokkarhamaren, utekjøkkenet og grillhytta kan nyttast av alle. Du kan låne nykel på kommunehuset i Fyresdal, ved startpunktet på turvegen.

## Køyreforklaring

Følg Fv 355 til Fyresdal. Ta av til Fyresdal kyrkje/Fyresdal Næringshage/kommunehuset.



Parkeringsplass ved Kafé Teisner/  
Fyresdal Næringshage, nedom kyrkja i Fyresdal.



Du har sjølv ansvar for tryggleiken undervegs.  
Ta omsyn til naturen og beitande dyr.  
Gjer vel å ta med søppel heim. God tur!

Høgaste punkt:  
Klokkarhamaren  
343 m.o.h.



Kart:  
Turkart for  
Fyresdal Aust 1 : 50 000.



Tilgang:  
mai-oktober

